Ein tek rutebåtar eller eigne framkomstmiddel til/
på dei forskjellige øyane.

Ferje: www.norled.no

Hurtigbåt: www.kolumbus.no

Treng du kart?

www.finnoy.kommune.no/kultur og fritid /turkart/

www.ut.no (her er det òg flott informasjon om fleire av turane/måla)

Når du har gått alle dine turar, og samla dine klypp, levèr kortet innan 10.august på :
Kaihuset – Judaberg, Joker Skartveit, Joker Ombo,
Joker Helgøysund, butikk Fogn, Helgøy skyssbåter
Du kan òg sende kortet pr post:
Tomatfestivalen, Ryfylke Næringshage, 4160 Finnøy

NAMN : _____

TLF: _____

E-POST: _____

Premiering på laurdag 20. august i under Tomatfestivalen 2016.
1. Den har vore på flest turar. Er det mange som har gått alle turane, trekkjer me ein ut frå dei.
2. Tilfeldig trekt ut blant alle deltakarane.

Tomatfestivalen og Rennesøy og Finnøy turlag ønsker deg ein god tur!

NATUROPPLEVELSAR– I ØYRIKET – I RYFYLKE

Bli med på ein uhøgtideleg konkurranse der det gjeld å ha vore på flest toppar/mål av totalt 9.
Turane er av variert karakter, nokre er korte og enkle, andre er meir krevjande.
Dette deltakarkortet tar du med deg på alle dine turar. På kvart mål for turen finn du ein kvit tomatpostkasse som inneheld ei tang til å klyppe/registrere at du har vore på målet.

tomat FESTIVALEN

Rennesøy og Finnøy Turlag
Stavanger Turistforening

Kor og korleis:

BOKNA-FJELLET

BOKNAFJELLET (134m) på Bokn, Merka tur som startar ved kaien. Kart heng på venterommet
Reisemåte: eigen båt eller rutebåt frå Judaberg, Helgøy skyssbåt.

BYRE

BYRE, tur: Ingen merka turløyper, men fin tur å gå opp til gardane på øya. Postkassen for registrering står ved vegen litt opp frå kaien.
Reisemåte: eigen båt eller rutebåt frå Judaberg, Helgøy skyssbåt.

VESTBØ-VARDEN

VESTBØVARDEN (153m)på Finnøy. Fleire merka løyper. Turforslag: Merka løype frå Haråsen. Kart er òg ved Kaihuset, butikkar og venterom på Judaberg.
Reisemåte: Rutebåt eller bil til/på Finnøy. Frå Judaberg: Kjør mot Landa, forbi Fleirbrukshallen, ta til venstre i krysset på toppen av bakken, følg vegen til du kjem til eit kyllinghus(Kai Petter Flesjå). Skilta parkering!

BAND-ÅSEN

BANDÅSEN (515m) på Ombo, Fleire merka løyper vegar til toppen. Start ved Tjeltveit,Helgaland eller Seltveit. Kart er ved Joker Ombo og venterom på Skibavig.
Reisemåte: Ferje til Eidssund, bil til start turløype, ev. eigen båt.

EIKÅSEN

EIKÅSEN (120m)på Kyrkjøy, Turløype frå kyrkja på Kyrkjøy, ca. 7 km frå kai på Helgøy. Kart v/ venterommet på Helgøy, Eriksholmen, Joker Helgøysund og på Nesheim.
Reisemåte: Ferje til Helgøy. Parkering ved kyrkja. Du kan og ta eigen båt til Eik eller Eriksholmen.

EIKE-FJELLET

EIKEFJELLET (211m)på Halsnøy, Merka turløype frå byggjefeltet v/ Joker Skartveit.
Reisemåte: eigen båt til Skartveit eller ferje /hurtigbåt til ferjekaien . Derifrå 2 km til Skartveit.

ØRNA-KULA

ØRNAKULA(170m) .på Fogn, Turen starte ved Joker Fogn. Kort tur å gå frå ferjekaien.
Kart ved venterommet og ved butikken
Reisemåte: ferje eller hurtigbåt

KLUBBEN

KLUBBEN (52m)på Talgje. Merkaløype frå Talgje Barnehage, Kart ved barnehagen og i Gardsvågen. **Reisemåte:** Med bil gjennom tunnel, eigen båt, eller rutebåtar.Ca 1,5-2 km frå tunnel i sør og frå kai i nord. Parkering ved barnehagen, og turløpa starter der. Med eigen båt er det flott å gå til Gards-vågen, derifrå er det også merka turløype.

NORD HIDLE

NORD HIDLE (rundtur på øya) Orientering om turløype ved venterommet på ferjekaien. Her har innbyggjarane snekra ein tur for dykk! God tur!
Reisemåte : ferje / hurtigbåt eller eigen båt.